



Sakshandsamar: Gunn Helen Henne  
Telefon: 57 64 31 40  
E-post [gunn.helen.henne@fylkesmannen.no](mailto:gunn.helen.henne@fylkesmannen.no)

Vår dato  
11.11.2013

Vår referanse  
2013/4756 – 542.1  
Rapportnummer  
2013.091.I.FMSF

## Landøy Fiskeoppdrett AS

6986 Værlandet

### Tilsyn ved Landøy Fiskeoppdrett AS - krav om retting av avvik, vedtak om kontrollgebyr og varsel tvangsmulkt

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknadar* om forbetningspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare.

Tilstades under kontrollen Frå verksemda: Roar Landøy	Frå miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen: Gunn Helen Henne, Grete Hamre
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad <input checked="" type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input checked="" type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna

#### Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **3 avvik** frå ureiningsregelverket, og det vart ikkje gjeve merknadar. Melding om retting av avvik må vere sendt til Fylkesmannen **innan 15.12.2013**. Det er varsla tvangsmulkt for å sikre retting av eitt av avvika.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteke.

Kontrollgebyr er fastsett til **kr 4 500,-**. Miljødirektoratet sender faktura for innbetaling til staten.

Med helsing

Grete Hamre  
overingeniør

Gunn Helen Henne  
overingeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

## Informasjon om verksemda:

Namn på verksemda: <b>Landøy Fiskeoppdrett AS</b> Namn på anlegg: <b>lok. Aldøyna, lok. Guriøyna, lok. Kalvøya N og lok. Ånnaholmane</b>	Organisasjonsnr.: <b>971 985 895 (BEDR)</b> Eigd av: <b>931 967 061 (AS)</b>
Stad og kommune: <b>Værlandet i Askvoll</b>	Kontrolldato: <b>31.10.2013</b>
Postadresse: <b>6986 Værlandet</b>	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert
E-post: <a href="mailto:landoy.fiskeoppdrett@eninvest.com">landoy.fiskeoppdrett@eninvest.com</a>	<input type="checkbox"/> EMAS-registrert
Risikoklasse: lok. Guriøyna og lok. Aldeøyna er i løyva vurdert til <b>klasse 4</b> , lok. Kalvøya N og lok. Ånnaholmane er <b>ikkje klassifisert (dvs. reknast som lågaste klasse 4)</b>	Løyvedato: <b>29.4.2003</b> (lok. Kalvøya N), <b>17.9.2003</b> (lok. Ånnaholmane), <b>23.9.2011</b> (lok. Guriøyna) og <b>3.1.2012</b> (lok. Aldeøyna)

## Om kontroll frå ureiningstilsynet

Rapporten er utarbeidd etter kontroll den 31.10.2013. Tilsynet er også ein etterkontroll av verksemda si oppfølging etter tidlegare kontroll i 2011.

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av internkontrolldokument, intervju av driftspersonell, og synfaring på landbasen og anlegget på lokaliteten Aldeøyna. Verksemda har i etterkant av vårt besøk sendt inn ein del fleire internkontrolldokument på e-post.

Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavingdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak.

## Definisjonar:

<b>Avvik</b>	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
<b>Merknad</b>	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

## Aktuelt regelverk

- LOV 1981-03-13 nr 06: Lov om vern mot forurensningar og om avfall (**ureiningslova**).
- **Utsleppsløyve** dagsett 29.4.2003 (lok. Kalvøya N), 17.9.2003 (lok. Ånnaholmane), 23.9.2011 (lok. Guriøyna) og 3.1.2012 (lok. Aldeøyna) frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- FOR-1996-12-06-1127: Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (**internkontrollforskrifta**)
- FOR-2004-06-01-930: Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (**avfallsforskrifta**)
- LOV-1976-06-11-79: Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (**produktkontrolllova**)

- FOR-2006-12-15-1446: Forskrift om rammer for vannforvaltningen (**vassforskrifta**), med m.a. omtale av krav til miljøtilstand i vatn

Vi gjer merksam på at oversikt over miljøverket kan ein finne på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) eller vist til frå [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no). Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under [kap. 39 i ureiningsforskrifta](#).

Vi vil nytte høvet til å takke for ein god gjennomgang og ønske lukke til med det vidare arbeidet.

### **Oppfølging etter kontrollen**

Verksemnda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemnda **innan 15.12.2013** skriftleg melder attende om tilhøve som er kome i orden, eventuelt med tidfesta handlingsplanar for det som står att. Fylkesmannen ventar at verksemnda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto.

### Orientering om tvangsmulkt

Dersom verksemnda ikkje innan rimeleg tidsfrist kan dokumentere at tiltak i høve til alle dei omtalte avvika er i verk sett, kan Fylkesmannen nytte vedtak om tvangsmulkt for å sikre at avvika blir følgt opp. Ei eventuell tvangsmulkt vil verte vedteke med heimel i § 73 i ureiningslova, men vil bli varsla nærmare før vedtak. Sjå også konkret varsel om tvangsmulkt knytt til avvik 2 lenger bak.

### Gebyr for kontrollen

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, i samsvar med § 39-3 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemder med utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6. Det vart informert kort om gebyrsystemet på kontrollen, og aktuell sats for gebyret vart varsla munnleg.

Ut frå at det ikkje er fastsett risikoklasse for for to av Landøy Fiskeoppdrett AS sine lokalitetar, mens dei andre to har blitt vurdert som risikoklasse 4 i løyva, skal det for denne kontrollen betalast gebyr som for lågaste risikoklasse 4. Internkontrollen som vart kontrollert gjaldt for alle dei fire lokalitetane til verksemnda. Ut frå arbeidsmengda finn vi det likevel rett å berre ta eitt samla gebyr.

### **Fylkesmannen gjer vedtak om at Landøy Fiskeoppdrett AS skal betale eit gebyr på kr. 4 500,- (sats 4) for den gjennomførte kontrollen.**

Faktura med innbetalingsblankett vert sendt frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. De kan klage på vedtaket om gebyr. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeve, adresserast til klageorganet Miljødirektoratet, men må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

### **Offentlegheit av rapport**

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

**Avvik**

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

---

**Avvik 1 Internkontrollen for ytre miljø har manglar**

**Avvik frå:** Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt. 1, 4, 6 og 7.

---

**Kommentarar:**

Verksemda nyttar eit nettbasert internkontrollsystem frå Salmon Group. Her ligg det eit potensiale for å ha god styring og oversikt, men dette er framleis ikkje heilt tilpassa dykkar eiga drift. På mange område låg det på kontrolldagen ikkje noko inne utover maldokumenta i systemet. Internkontrollen for ytre miljø hadde ein del manglar og forbetringsspunkt som de må jobbe meir med. Noko av dette er jobba vidare med etter tilsynet, og vi har fått kopi av ein del dokument som er endra 7. og 8.11. (Punkta under er ikkje rangert etter «alvorsgrad»).

- a. Mål: Det er krav om at det skal fastsetjast mål for helse, miljø og tryggleik i internkontrollen, desse må jamleg evaluerast og oppdaterast, og dei skal finnast skriftleg, jf. internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt. 4.

Verksemda har mange dokument som omhandlar mål. De har mellom anna sett overordna mål om «null skader på mennesker eller miljø» (IK-dok. 1.03.01), og de har eit eige dokument om miljømål (IK-dok. 1.03.01-5) knytt til utslepp, energieffektivisering, fôrbruk, teknologiutvikling, rømming og minimalisering av negative miljøkonsekvensar. Her er det også vist til nokre driftstiltak som skal bidra til dette. I tillegg finst ein miljø- og biomangfaldsplan (IK-dok. 3.01) som har målsettingar knytt til Salmon Group sin «miljøpolitikk».

Likevel er dette lite konkretisert ned til skriftlege, målbare og etterprøvbare mål for ytre miljø (mens de t.d. har dette for rømming og svinn). Fylkesmannen forventar at de skal formulere og jobbe mot minst eit par konkrete mål for ytre miljø (i tillegg til mål for fôrforbruk som vart munnleg omtalt på kontrollen).

Manglande miljømål var også eit avvik etter kontrollen i 2011.

- b. Risikovurdering: Det skal gjennomførast ei skriftleg kartlegging og risikovurdering for ytre miljø, jf. internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt. 6.

Verksemda har gjort ei risikokartlegging som gjeld not/rømming og daudfisk, og det er til ein viss grad også vurdert risiko på ein skala frå 1-4. Dette er ein god start, men de må kartlegge noko breiare med tanke på kva for farar og problem som kan gje utslepp eller anna skade eller ulempe for ytre miljø (luft, jord og vatn) i dykkar drift.

Det er ikkje laga nokon rutine/prosedyre for arbeidet med risikovurdering, men det ligg ei forklaring på klassifiseringa 1--4 for sannsynlegheit og konsekvens og av den samla risikoen (lav/moderat/høg) i eit av reknearka vi har fått tilsendt. Både det som står om sannsynlegheit og konsekvens beskriv eigentleg sannsynlegheit, altså om ein vurderer noko til å kunne skje sjeldan eller ofte. De må difor også forklare kva de meiner med graderinga av konsekvens. Vurderinga de har gjort av både sannsynlegheit, konsekvens og samla risiko bør dessutan komme tydeleg fram for dei enkelte kartlagde områda i reknearket, no var det berre ei samla vurdering 1-4.

Manglar ved miljørisikovurderingar var også eit avvik etter kontrollen i 2011.

- c. Rutinar og avvikssystem: Verksemda skal ha rutinar som sikrar at ein avdekker, rettar opp og førebyggjer brot på krav, jf. internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt. 7. Det vart observert fleire eksempel på at internkontrollen ikkje har fanga opp alt den burde:

- Internkontrollen har ikkje fanga opp i tide at krav og tidsfristar for miljøgranskingar i utsleppsløyva ikkje hadde blitt følgt opp, og såleis ikkje sikra at desse vart utført i tide, sjå avvik 2.

- De har ingen rutine for å gå nøye gjennom og vurdere rapportar frå miljøgranskingar på lokalitetane. Til dømes hadde de ikkje fanga opp at for siste MOMB-rapport på lok. Aldeøyna var over halvparten av prøvene der ein fekk opp sediment som lot seg klassifisere, klassifisert med dårlegaste tilstand 4, sjølv om middeltilstanden på lokaliteten var 2. Dette var svært ulikt resultatata frå førre gransking på lokaliteten i 2010, der 2/3 av prøvene med sediment fekk tilstand 1. De må systematisere kunnskapen de har om kvar enkelt lokalitet slik at det blir lettare å halde oversikt over om miljøtilstanden endrar seg over tid.

Avvik knytt til å ha det å ha oversikt over utslepp, miljøtilstand, og krav til resipientgranskingar, var også gitt i 2011.

- Avvikssystemet vert berre brukt til «tekniske avvik», og det var totalt sett registrert ganske få avvik (3 i 2012 og 4 hittil i 2013). For at avvikssystemet dykkar skal kunne vere eit levande system til hjelp i forbetningsarbeidet i internkontrollen, bør de vurdere om de kan bruke dette meir aktivt.

- Kjemikalier er risikovurdert i høve til helse, men det kan ikkje dokumenterast at det er gjort substitusjonsvurderingar mht. miljøverknad, jf. avvik 3.

---

**Avvik 2      Miljøgranskingar er ikkje utført innan fristane i utsleppsløyva**

**Avvik frå:**    Utsleppsløyve dagsett 29.4.2003 (lok. Kalvøya N) og 17.9.2003 (lok. Ånnaholmane), vilkår 2. Utsleppsløyve dagsett 3.1.2012 (lok. Aldeøyna), vilkår 10.

---

**Kommentarar:**

Utsleppsløyva på lokalitetane Kalvøya N, Ånnaholmane, Guriøyna og Aldeøyna har alle sett vilkår om jamleg miljøovervaking som inkluderer C-undersøking etter Norsk Standard NS 9410, og enkle strandsonundersøkingar.

C-undersøkingar er ikkje utført i samsvar med krav og fristar i utsleppsløyva for tre av lokalitetane. For Kalvøya N var det ikkje sett ein konkret dato som frist, men det var kravd C-undersøking «før produksjon i samsvar med løyvet kan starte opp» etter at løyvet vart gjeve i 2003. For Ånnaholmane er det utført C-undersøkingar ved lokaliteten i 2004 og 2005, men kravet om å gjenta miljøovervakinga «minst kvart 5. år» er ikkje følgt opp. For Aldeøyna var fristen for C-undersøking etter utviding av løyvet i 2012 sett til 1.7.2012, etter at krav i løyvet frå 2003 ikkje hadde blitt følgt opp. I løyvet for Guriøyna frå 2011 var det ikkje sett ein konkret frist for første C-undersøkinga, berre at det skulle gjerast. For alle fire lokalitetane er det krav om at C-undersøkingane skal gjentakast minst kvart 5. år.

Enkle strandsonegranskingar har ikkje vore utført i det heile etter at utsleppsløyva på dei fire lokalitetane vart gjevne.

Internkontrollen i verksemda har ikkje fanga opp desse krava, og ikkje sikra at fristane vart haldne. Sjølv etter at manglande miljøgranskingar ved lokaliteten Ånholmane var påpeikt som eit avvik ved førre tilsyn i 2011, har de ikkje retta opp i dette, verken for Ånholmane eller dei andre lokalitetane.

### Varsel om tvangsmulkt:

Fylkesmannen varslar at det vil bli gjort vedtak om tvangsmulkt i form av eit eingongsbeløp på **kr 75 000 per lokalitet**, for dei tre lokalitetane der fristane i løyva er gått ut, for å sikre at miljøgranskingar i samsvar med vilkåra til utsleppsløyva no vert gjennomført. Merk at desse beløpa ikkje vil bli kravd innbetalt, så framt miljøgranskingane vert gjennomført innan rimeleg tid. Men i motsett fall vil beløpa krevjast inn til statskassa, og det vil vere aktuelt å fastsetje ytterlegare, høgare tvangsmulkt innan ein ny, kort frist.

For C-undersøkingane vil vi i utgangspunktet meine at det bør la seg gjere å få utført feltarbeid i løpet av 3-6 månader, mens det for strandsonegranskingane har lite føre seg å gjennomføre desse før til sommaren 2014. De har etter kontrollen opplyst at det kan vere mogleg å få gjennomført prøveinnsamling i mars 2014. I dykkar tilbakemelding til Fylkesmannen om dette avviket må de vise til ein tidfesta avtale om gjennomføring for C-undersøkingane. Vårt vedtak om tvangsmulkt vil ta omsyn til at tidsfristen som vi gjev skal vere mogleg å halde.

I nyare løyve er det presisert at C-undersøkingar etter NS 9410 skal utførast akkreditert i alle ledd, som ei avstemming mot akvakulturdriftsforskrifta sine krav til akkreditert gjennomføring av miljøovervaking med C-undersøking. Dette bør også vere ei rettesnor for dykkar miljøovervaking, sjølv om det ikkje er presisert i teksten i dykkar utsleppsløyve. Norsk Akkreditering har oversikt over dei som til ei kvar tid er akkreditert på ulike område på [http://www.akkreditert.no/no/Akkrediterte\\_organisasjoner/](http://www.akkreditert.no/no/Akkrediterte_organisasjoner/).

Oversikta over kven som per i dag er akkreditert for å ta botnprøvar i marint miljø er vist under.

### Søkeresultat:

Du søkte: Fagområde = P3003 Prøvetaking bunnsediment

AkkrediteringsNr	Organisasjon	Hjemmeside	Fagområde
TEST 009	Norsk institutt for vannforskning	<a href="http://www.niva.no">www.niva.no</a>	P3003 Prøvetaking bunnsediment
TEST 079	Akvaplan - niva AS	<a href="http://www.akvaplan.niva.no">www.akvaplan.niva.no</a>	P3003 Prøvetaking bunnsediment
TEST 083	Det Norske Veritas AS	<a href="http://www.dnv.no/konsulenttjenester/hmsstyring/biologila">www.dnv.no/konsulenttjenester/hmsstyring/biologila</a>	P3003 Prøvetaking bunnsediment
TEST 157	UNI Research AS	<a href="http://www.uni.no">www.uni.no</a>	P3003 Prøvetaking bunnsediment

Strandsonegranskingane kan de gjennomføre sjølve eller bruke konsulent på, løyva gjev stor fridom til å utforme eit enkelt opplegg som passar for dykk.

---

### Avvik 3      Verksemda kan ikkje dokumentere at kjemikaliar er vurdert i høve til substitusjon mht. ytre miljø

**Avvik frå:**    Produktkontrollova § 3a, internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd nr. 6 og 7

---

### Kommentarar:

Alle verksemdar som bruker produkt med innhald av kjemisk stoff som kan ha helse- og miljøfarleg verknad, pliktar å vurdere om det finst alternativ som medfører mindre helse- og miljørisiko, og ta desse i bruk så lenge det ikkje medfører urimelege kostnader eller ulemper (substitusjonsplikta), jf. produktkontrollova § 3a. Vurderingane skal finnast skriftleg.

Landøy Fiskeoppdrett AS bruker ikkje svært mange kjemiske produkt. Verksemda har fått utført ei risikovurdering av kjemikaliar for helse/arbeidsmiljø, men ikkje for ytre miljø.

Kjemikalierutinen dykkar har ikkje omtale av plikta til å gjere substitusjonsvurderingar, jf. avvik 1. Eit første steg er å nytte den samla oversikta de har over alle produkta de bruker, i tillegg til informasjon frå sikkerhetsdatablada om kva for helse- og miljøfare desse har. Oppdaterte sikkerhetsdatablad er eit viktig grunnlag for dette.

Vidare må de vurdere alternativ, og konkludere på om de skal halde fram med kvart enkelt av produkta de har brukt hittil, eller om det er noko som kan bytast med mindre farlege produkt. Her spelar det også ei rolle om de bruker mykje eller lite av produktet. Substitusjonsplikta omfattar også å vurdere andre prosessar og teknologi som alternativ til bruk av helse- og miljøskadelege kjemikaliar – om det finst andre og mindre miljøskadelege/ risikofylte måtar å gjere ting på. Til dømes om ein kan redusere bruken av legemiddel og kjemikaliar til lusebekjemping.

Risikovurderingane av kjemikaliane dykkar skal oppdaterast med jamne mellomrom, men det er opp til dykk å få nedfelt i ein internkontrollrutine kor ofte og korleis dette skal gjerast. Miljødirektoratet har laga noko rettleiingsmateriell om dette som de kan finne på nettstaden deira: <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Veileder/Substitusjonsplikten/> .

Manglande miljørisikovurderingar og substitusjonsvurderingar av kjemikaliar var også avvik i 2011.

## Andre forhold

- Tilsynet i 2011 har ikkje blitt formelt avslutta av Fylkesmannen tidlegare. Det førre tilsynet vert difor avlutta med denne nye kontrollen, sjølv om denne kontrollen har ei litt anna vinkling enn førre kontroll. Vi har til ei viss grad forståing for at det vart mykje for dykk å følgje opp på ein gong sist. Vi hadde likevel ikkje venta at såpass mykje av det som vart peikt på sist, også framleis var avvik frå regelverket. Vi føreset at de i den vidare oppfølginga av denne kontrollen også ser tilbake på våre kommentarar i rapporten frå 2011 som utfyllande informasjon. Oppfølging av dette tilsynet vil ikkje bli avslutta frå vår side før alle avvik er lukka.